

---

Saksnr: 2021/19656-1  
Saksbehandlar: Randi Elisabeth Lotsberg

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		25.05.2021
Fylkesutvalet		01.06.2021
Fylkestinget		16.06.2021

**Regionalt forskingsfond Vestland - Årsrapport for 2020**

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner årsrapport 2020 for Regionalt forskingsfond Vestland.

Samandrag

Regionalt forskingsfond Vestland sin Årsrapport for 2020 vert lagt fram for godkjenning. Ordninga med regionale forskingsfond er har som hovudmål å styrke forskning for regional innovasjon og regional utvikling. Styret for fondet jobbar etter forskrift frå Kunnskapsdepartementet og fylkesvise føringar. Fondet vart etablert i 2020.

Denne første årsrapporten gir oversikt over aktivitet og økonomi i fondet. I tillegg har den eksempel på forskingsprosjekt som har fått støtte.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

- 1 Regionalt forskingsfond Vestland - Årsrapport for 2020

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Regionalt forskingsfond Vestland vart etablert i 2020, i tråd med ny forskrifta frå Kunnskapsdepartementet om at fondsinndelinga skulle følgje dei nye fylkesgrensene. Sju fond vart til elleve. Regionalt forskingsfond Vestlandet, som også dekkja Rogaland, vart oppløyst. Dette er fyrste årsrapport for det nye Regionalt forskingsfond Vestland.

### Regionale føringar for arbeidet

I 2020 har RFF Vestland arbeidd ut frå mål og prioriteringar vedtekne av Hovudutval for næring og innovasjon i Vestland fylkeskommune.

#### *Hovudmål for arbeidet i 2020*

RFF Vestland skal vere ein sentral drivar for innovasjon ved å mobilisere til og finansiere forskingsprosjekt av god kvalitet innanfor prioriterte satsingsområde:

- Berekraftig verdiskaping i næringsliv og offentleg sektor
- Gode klima- og miljøløysingar
- Evne til innovasjon og omstilling

#### *Prioriterte forskningstema i 2020*

RFF Vestland skal med utgangspunkt i sentrale utfordringar og prioriterte innsatsområde for Vestland mobilisere til og finansiere forskning innan desse temaa:

- Ny teknologi og prosessar som medverkar til klimaomstilling og grønt skifte
- Berekraftig matproduksjon, bioøkonomi og sirkulær økonomi
- Reiseliv som styrkar lokalsamfunna og gjev lågt klimaavtrykk
- Kommunal tenesteproduksjon og samfunnsutvikling
- Drivkrefter for utvikling og innovasjon i Vestland fylke

#### *Andre føringar*

Fondet skal støtte brukarstyrt forskning med potensial for innovasjon i bedrifter og offentleg sektor i Vestland. Det er spesiell merksemd på å hjelpe næringsliv og offentleg sektor til å ta i bruk forskning som middel til innovasjon og utvikling.

### Aktivitet trass utfordrande situasjon i 2020

Regionalt forskingsfond Vestland hadde i 2020 store forpliktingar til prosjekt frå det gamle fondet og fekk mindre overføringar frå Kunnskapsdepartementet enn venta på grunn av ny fordelingsnøkkel mellom fonda. Fondet kunne likevel tildele til saman kr. 8,6 mill. til 19 forprosjekt i regi av bedrifter, kommunar og forskingsorganisasjonar i Vestland.

I 2020 har fondet saman med samarbeidspartnarane måtte jobbe meir digitalt for å nå ut med rettleiing og kurs til potensielle søkjarar. Digitale prosjektverkstader har vore spesielt vellukka . Fleire av dei aktive prosjekta er forseinka, ein del på grunn av pandemisituasjonen. Det er likevel gledeleg at dei fleste prosjekta reknar med å nå måla dei har sett seg og at formidlingsaktivitet deira har vore stor.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget har sidan 2010 behandla årsrapport frå det regionale forskingsfondet.

Vurderingar og verknader

#### **Økonomi:**

Aktiviteten i forskingsfondet er hovudsakleg finansiert gjennom eiga løyving frå Kunnskapsdepartementet.

#### **Klima:**

Blant dei prioriterte forskningstema i fondet er:

- Ny teknologi og prosessar som medverkar til klimaomstilling og grønt skifte
- Berekraftig matproduksjon, bioøkonomi og sirkulær økonomi

#### **Folkehelse:**

Forskingsfondet har Kommunal tenesteproduksjon og samfunnsutvikling som tema, der folkehelse kan inngå.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Forskingsfondet sine mål og innsatsområde i 2020 er i tråd med Utviklingsplan for Vestland og er politisk vedteken av hovudutval for næring- og innovasjon

**Konklusjon**

Årsrapporten for 2020 gir god oversikt over aktiviteten og økonomien i fondet. Verksemda i 2020 har vore i tråd med den politiske bestillinga som er gitt til styret for forskingsfondet.